



Lindås Rør og Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2239 - 15/27332

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.08.2015

Utsleppsløyve på vilkår - gbnr 237/13 Totland

Administrativt vedtak. Saknr: 353/15

Tiltakshavar: Lise Hårklau Holsen
Ansvarleg søker: Lindås Rør & Sanitær AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for eksisterande fritidsbustad på gbnr 237/13. Utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til eksisterande avlaupsleidning som går til sjø.

Det skal installerast vassklosett. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Kommunen avviste saka i vedtak datert 23.06.2015 då saka vart vurdert å vera for mangelfull til å kunne handsamast. I avvisingsvedtaket vart det tatt opp følgjande tilhøve:

- Det er ikkje samsvar med bygningstype i matrikkelen og bygningstypen som er oppgitt i søknaden
- Tiltaket er i ikkje i samsvar med plan
- Tiltaket er ikkje nabovarsla
- Slamtømming er ikkje mogleg innanfor ordinære vilkår i den kommunale slamtømmeordninga

Tiltakshavar har i skriv datert 30.06.2015 klagt på avvisinga og kome med supplerande opplysningar. Kommunen ved geodataavdelinga har vurdert opplysningar om bygningstype for omsøkte bygg og har gjort vedtak om å endra denne til fritidsbygg. Kommunen finn no saka tilstrekkeleg opplyst til å kunne fatta vedtak.



Det vert elles vist til søknad mottatt mottatt 18.05.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i område som i Kommuneplan 2011-2023 er avsett til LNF-føremål med spreidd naustbygging.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 15.04.2015 jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Reinseløysing

Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa avlaupet vert ført til eksisterande felles avlaupsleidning som går til sjø. Det er ikkje gjort greie for brukarinteresser.

Det er ikkje opplyst kor mange som er knytt til fellesleidningen i dag. Kommunen føreset at den etablerte avlaupsleidningen har tilstrekkeleg kapasitet og tilfredsstillande kvalitet og at det samla utsleppet kjem inn under bestemmelsane i forureiningsforskrifta kap. 12.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Drift og vedlikehald

Det er opplyst i søknaden at slamtømming skal skje med bil på ferje.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 237/1, 237/2 og 237/3. Det ligg føre avtale om plassering av leidningar på eigedomane datert 30.06.2015.

Tiltakshavar er medeigar i felles vass- og kloakkanlegga på Totland/Totland Interessefellesskap.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Naudsynte slamavskiljarar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår. I følgje forskrift for slamtømming i Lindås kommune skal slamavskiljarar plasserast ikkje lenger enn 100 meter frå kjøreveg og med løftehøgde som ikkje er større enn 8 meter.

Det er ikkje kjøreveg fram til eigedomen. Føretaket Johnny Birkeland Transport AS, som i dag har kontrakt på den kommunale slamtømninga, har i dokument datert 12.05.2015 gjort greie for at slamtømming må skje på bil ombord i ferje.

Slamtømming innanfor vilkåra i slamtømmeforskrifta er ikkje mogleg. Alternativ løysing for slamtømming, som tømming med ferje, har dei seinare åra ikkje vorte godkjend. Dette gjeld også eigedomen som tiltakshavar viser til har slamtømming ved hjelp av denne løysinga i klagen på avvisingsvedtaket/ tilleggsdokumentasjonen.

Sjøresipienten i området vert vurdert som god. Det er ikkje gjort greie for brukarinteresser. Søknaden om utsløppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast på vilkår av at utslippet berre omfattar gråvatn. Vassklosett vert ikkje tillatt installert. Det må nyttast biologisk/avlaupsfritt toalett. Avlaupet frå eigedomen kan då førast til god sjøresipient via felles avlaupsleidning utan reinsing, jf forureiningsforskrifta §12-9.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det liggja føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Søknaden vert handsama når klagefristen for utsløppsløyvet er ute.

Tiltaket ligg i område avsett til LNF-føremål med spreidd naustbygging og i området som er omfatta av byggjeforbodet i strandsona. Handsaming av byggjeløyve utan at det ligg føre naudsynt dispensasjon føreset at søknaden berre gjeld etablering av leidningar fram til fellesleidningen på ein slik måte at tiltaket ikkje gjev synlege spor (t.d.kummar), varige sår i terreng/natur eller vil vanskeleggjera gjennomføring av planen. Tiltaket vil då ikkje krevja dispensasjon frå arealføremålet eller byggjeforbodet i 100-metersbeltet.

Tiltakshavar ber i klagen om at kommunen handsamar eigedomen når det gjeld dispensasjonskravet på same måte som andre fritidseigedomar i området. Kommunen vil gjera merksam på at dei fleste hytteeigedomane i området ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål. Tiltak på omsøkte eigedom vert handsama på lik linje med andre eigedomar i området med lik planstatus. Om bygget på eigedomen er registrert som naust eller fritidsbustad og ligg i området avsett til LNF vil ikkje ha noko betydning. Dersom tiltakshavar ønskjer å få regulert området til byggeområde for fritidsbustadar må ein koma med innspel i samband med rullering av kommuneplanen.

Det er ikkje søkt om eller gjeve løyve til tilkopling til kommunalt vassverk. Naudsynt løyve må liggja føre før tilkopling kan skje.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsløppsløyve for utsløpp av gråvatn (vaskevatn) for 1 fritidsbustad (inntil 5 pe) på følgjande vilkår:

1. Gråvassutslippet frå eigedomen skal førast til eksisterande felles avlaupsleidning.
2. Det skal ikkje installerast vassklosett, men nyttast biologisk/avlaupsfri toalettløysing.

3. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg meld frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på

utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2239

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lise Holsen
Grimseidvegen 5259 HJELLESTAD
494

Mottakarar:

Lindås Rør og Sanitær AS
Burkhovdane 1 5914 ISDALSTØ